

Samordningsmøte om detaljregulering for E134 Grisesvingen og Tomatsvingen i Hjartdal kommune

Namn på planforslag: **detaljregulering for E134 Grisesvingen og Tomatsvingen planident- 402420240002**

Møtedato: 21.08.2024

Referatdato: 21.08.2024

Møtedeltakarar:

Tone- Lill Hall (Statens vegvesen)

Dag Rune Kvålen (Statens Vegvesen)

Janne Væringstad (Hjartdal kommune)

Simen Storøy (Hjartdal kommune)

Referatet blir sendt til

Tone- Lill Hall (SVV)

Materiale frå kommunen – utdelt på møtet/ blir ettersendt:

Kommuneplanens arealdel: plankart med utsnitt av aktuelt område i sosi format + føresegner

Annet: VA og viltkart dersom dette er tilgjengeleg.

1. BAKGRUNN/ INFORMASJON OM PÅTENKT PLANFORSLAG

Det skal utarbeidast reguleringsplan for utbetring av E134 Grisesvingen og Tomatsvingen i Hjartdal kommune.

Det er behov for ein trafiksikker veg i tråd med nullvisjonen om ingen drepne og hardt skadde i trafikken, og dessutan behovet til næringslivet for eit påliteleg, effektivt og sikkert transportsystem som bidreg til ein konkurransedyktig region.

Utbetring av desse svingane vil vera med på å byggja ut E134 som ein effektiv veg mellom Austlandet og Vestlandet.

Nåsituasjon for strekninga E134 Grisesvingen og Tomatsvingen er smal veg med krappe kurver utan belysning. ÅDT for 2023 er 3059 med ÅDT-T 17 %. Veggen er oppmerket med kvite heiltrekt kantlinjer og gul varsellinje.

Det er ein del utforkøyringsulykker og dessutan nokre møteulykker på staden. Det blir lagt til grunn H1- veg i samsvar med HB N100.

Dette er tilsvarende standard for andre utbetring som er utført eller er under gjennomføring på E134 mellom Austlandet og Vestlandet.

Innanfor kunngjeringsgrensa for prosjektet E134 Grisesvingen og Tomatsvingen er det ingen godkjend reguleringsplan berre godkjent kommunedelplan med PlanID 2013001 godkjent 27 november 2013

Ny trasé for E134 Grisesvingen og Tomatsvingen i Sauland er ikkje vis i gjelda kommunedelplan. Delar av ny vegtrase kryssar omsynssone avsett til bevaring naturmiljø og faresone høgspent. Dagens veg ligg også i faresone høgspent og grensar tett inntil omsynssone avsett til bevaring naturmiljø

2.Føresetnader for planarbeidet

Statens vegvesen ynskjer å utarbeide planen og handsama den etter reglande i plan- og bygningsloven § 3-7. Dette medfører at Hjartdal kommune overfører sin rolle som planmynde til Statens vegvesen. Statens vegvesen varslar da oppstart av planarbeidet, utarbeider planforslag og sender planen på høyring og offentleg ettersyn. Hjartdal kommunen motar då eit ferdig planforslag til 2.gong handsaming / endeleg vedtak. Hjartdal kommunen har ingen motførestillingar mot at planarbeidet vert løyst på denne måten, men ynsker tett dialog mot Statensvegvesen i prosessen, det er å ynskjeleg at Statens vegvesen bidreg med informasjon og orientering til politisk leiing i ulike møte.

I møte vart det lagt fram ein vurdering av KU plikten.

Statens Vegvesen konkluderar som fyljer :

«Basert på den informasjonen som ligg føre i og ved planområdet, kan ikkje Statens vegvesen etter ei samla vurdering, sjå at planen kjem i konflikt med forskriftas §10, og planen blir ikkje vurdert å få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Me ser derfor ikkje at det er behov for konsekvensutgreiing i samsvar med § 8. Dei temaa som er omtalte over vil i stor grad likefullt bli klargjord gjennom den ordinære saksbehandlingsprosessen, og omtalt i planskildringa.»

Hjartdal kommune har ingen merknader til notatet eller konklusjonen i dette.

Hjartdal kommune oversender diverse kartinformasjon på SOSI format og bidreg med å publisera planarbeidet på eiga heimeside.

Hjartdal kommunen Ynsker Statens vegvesen lykke til med planarbeidet og ser fram til å motteke planforsalget til slutthandsaming.

Referent:

Simen Storøy.